



TKS as V/ Robel Fekadu

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1722 - 15/15132

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

22.12.2015

Byggesak Gbnr 99/9 Ystebø - Mobilbasestasjon - søknad om igangsetjingsløyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.:

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3

Adresse : **Valdersnesvegen 140**

Tiltakshavar : Radøy kommune

Ansvarleg søker : TKS – Teknisk Konstruksjon Service AS

Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring mobilmast på 30 meters høgde med tilhøyrande utstyrshytte på om lag 8 m² ved Lindåsen.

Byggjesaksmynde i Radøy kommune mottok 09.09.15 søknad om dispensasjon og søknad om rammeløyve. Søknad om igangsetjingsløyve er motteke 11.12.2015. Sidan søknad om rammeløyve ikkje er handsama, vert søknaden no handama som ein eitt-trinnsøknad og det vert gjeve igangsetjingsløyve.

Dispensasjonssøknaden er handsama i Hovedutval for plan, landbruk og teknisk den 04.11.2015.

Planstatus,

Eigedommen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som område for landbruk, natur og friluftsområde (LNF).

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Uttalekrav frå annan styresmakt

Saka er sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Felles landbrukskontor for Austrheim, Radøy og Fedje den 06.10.15.

Det ligg ikkje føre uttale frå Fylkesmannen i Hordaland eller Hordaland Fylkeskommunen.

Det er ligg føre slik uttale frå Landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy datert 16.10.15:

«Arealet der tiltaket er omsøkt er arealklassifisert som «skog, høg bonitet». Dyrkbar jord kan være registrert på arealtype overflatedyrka jord, innmarksbeite, skog, open fastmark og myr i AR5. Det lyt være pløyedjunne på arealet for at ein kan definere arealet som dyrkbar. I tillegg skal det ha potensiale til årssikker avling. Kommunal landbruksforvaltning finn at arealet der tiltaket er omsøkt ikkje er definert som dyrkbar. Ergo skal ein ikkje handsame saka etter jordlova § 9 som gjeld bruken av dyrka og dyrkbar mark.

Kommunal landbruksforvaltning finn at ein stiller seg positiv til tiltaket sjølv om det ikkje er i tråd med arealformålet LNF. Begrunninga for at ein stiller seg positiv er at tiltaket er i tråd med samfunnsgagnet tiltaket vil gje. Det framkjem av val av stad for mobilmasta at ein har søkt å finne ein stad som er eigna for formålet, samstundes som ein har søkt å finne ein stad med minst mogleg sjenanse for tredjepart. Det er pårekeleg med ulemper for dei som skal ha yrket sitt i landbruket og drive med skogsdrift. Men, kommunal landbruksforvaltning finn at det er overvekt av føremoner med tiltaket enn ulemper, og difor stiller landbruksforvaltninga seg positiv til tiltaket.»

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål LNF (landbruk-, natur- og friluftsliv).

Det er i sak 066/2015, datert 04.11.2015. gjeve dispensasjon med slikt vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for oppføring av mobilmast som omsøkt på følgjande vilkår:

- 1. Rydding av skog skal ikkje skje i større grad enn det som er naudsynt. Rydding av skog skal skje i samråd med grunneigar for best mogleg ivaretaking av skogsdrifta.*
- 2. Terrenget skal så langt rå tilbakeførast til opphavleg terreng når anleggsperioda er over.*
- 3. Ferdsl i området skal bare skje i den grad det er naudsynt og på ein måte som er skånsam for naturen. Skader på natur som følgje av ferdsl skal tilbakeførast.*
- 4. Masta med tilhøyrande anlegg, skal ikkje gjerdast inn eller på annan måte hindra ålmenta si ferdsl i området.*

Grunngjevinga går fram av saksframstillinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Heimelshavarfråsegn

Tiltakshavar er Radøy kommune.

Tiltakshavar er ikkje heimelshavar til eigedomen. Det ligg føre avtale om grunnrett med heimelshavar som gjev Radøy kommune rett til å etablere telekommunikasjonsanlegg på gbnr. 99/9 på anvist stad. Grunneigaravtalen sikrar samstundes tilkomst og rett til skogrydding.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 13.07.2015. Høgaste punktet på Lindåsen ligg på kote + 88. Så vidt kommune kan sjå vert masta plassert ca. på kote + 87.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Grunneigaravtalen sikrar gang- og køyretilkomst til anlegget over gbnr 99/9, men det er ikkje søkt om etablering av anleggs- eller driftsveg. Byggjesaksmynde i Radøy kommune legg difor til grunn at oppføring og drifting av masta skal skje utan køyrbar tilkomst.

Tilhøve til andre lovverk - Forskrift om rapportering, registrering og merking av luftfartshinder

Tiltaket har ein høgde på meir enn 15 meter og fell inn under forskrift om rapportering, registrering og merking av luftfartshinder.

Eigar av luftfartshinder er ansvarleg for å rapportere til Statens Kartverk seinast 30 dagar før igangsetting av oppføring.

Terrenghandsaming

Det er ikkje søkt om terrengendringar. Byggjesaksmynde i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrenginngrep.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla

belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **TKS – Teknisk Konstruksjons Service AS**, org.nr. 833 084 062, har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK).

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **TKS – Teknisk Konstruksjons Service AS**, org.nr. 833 084 062, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering av hytte og mast.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Relacom as** org.nr. 987 210 001, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring bygging av hytte og mast.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 11.12.2015 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3 vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for oppføring av mobilmast og hytte på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
TKS – Teknisk Konstruksjons Service AS , org.nr. 833 084 062	S	SØK	1	Ansvarleg søker
TKS – Teknisk Konstruksjons Service AS , org.nr. 833 084 062	S	PRO	1	Prosjektering av hytte og mast

Relacom as org.nr. 987 210 001	S	UTF	1	Utføring bygging av hytte og mast.
--------------------------------	---	-----	---	------------------------------------

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.6	Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg	kr	5 600,-
	Totalsum	kr	5 600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 15/1722

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

TKS as V/ Robel Fekadu